

## Ørsta bedehus 50 år



**Laurdag 28. september var det 50 år sidan Ørsta bedehus vart vigsla. I år var det haustofferdag på jubileumsdagen. Han var godt besøkt av folk i ulike aldrar.**

- **Det er veldig** kjekt når ein byr inn til arrangement og folk møter opp. Vi hadde på haustofferdagen vår denne gongen besøk av barnekoret frå Måndagsklubben som gledde oss med frisk song. Vidare var det andakt ved Arne Moltubak og song av Odd-Jarle Osborg. Eg intervjuja mangeårig indremisjonsmedlem Åse-Rigmor Ose om korleis bedehusarbeidet har vore drifta i desse femti

åra, fortel leiar Hjørdis Almelid Vikenes i Ørsta Indremisjon.

**Ho har skrive** eit attersyn med litt tankar indremisjonsarbeidet i Ørsta dei siste 50 åra som vart framført på song og musikk møtet til Radio Sunnmøre søndag. Då var det kring 110 som deltok på ettermiddagsmøtet, der det var mykje song og musikk på programmet. Naturlegvis var det også nokre allsongar.

- **Både laurdag og søndag** viste vi litt gamle foto, nokre var frå 1969, dei har Per Almar Steinnes tatt og han skanna dei også inn til oss frå lysbilde. Vidare var vi så heldige at Jostein O. Mo let oss

få vise nokre gamle foto i frå det gamle bedehuset i Ørsta, altså det som tidlegare stod på Nekken i Ørsta. Dette er bilde som han har trykt i nokre av Ørsta-minna han har gjeve ut. Vidare var vi så heldige at vi fekk låne nokre i frå fotoarkivet til lokalavisa vår Møre-Nytt, takk til Kjell Rune Klubbenes som hjelpte oss med innskanninga av både innramma foto og andre. Så har vi fått tilsendt litt foto i frå andre også, som eg har fått sett i hop på ein minnepinne saman med nokre foto eg har teke, dermed fekk vi samla med oss litt av spranget i mange av aktivitetane som har vore på bedehuset desse 50 åra frå 1969 og fram til i dag.

**Leiaren i Ørsta Indremisjon** vil takke alle som har bidrege på ulike måtar både laurdag i samband med basardagen og søndag med song og musikk møtet. Eit bedehus er eit hus som er vigsla til Gud og som er ein god møtestad for både gleder og sorger. Huset er godt vedlikehalde og Ørsta Indremisjon har det siste tiåret investert mykje i å pusse opp huset.

- **Eit bedehus er** som eit drivhus brukar eg å seie, vi sår og vi sår ut ein fantastisk bodskap, og så er det Herren som gjer rik.

//// **Tekst:** Hjørdis Almelid Vikenes  
(leiar i Ørsta Indremisjon)  
//// **Foto:** Johan Behrentz

# Vekst

**Det er gjerne feil i mange sin bevissthet å fokusere på vekst når det er høst. Nytt liv, vekst, utvikling hører mer våren til. For at du og jeg skal være best mulig rustet for kommende vår, blir fokuset vekst nå.**

De senere år har ulike organisasjoner tilbudt sine foreninger, forsamlinger ulike hjelpemidler til bedre å nå sin samtid med evangeliet, bygge sunne og livskraftige fellesskap og skape bevissthet om den enkelte sin plass i forsamling og Guds rike.

Vi er ikke tilfreds med bare å holde hjulene i gang. Vi vil strekke oss mot det å nå vår samtid med evangeliet!

I mange tilfeller har en opplevd at de som hører til ImF har vært del av en type læringsfellesskap (som NAMU og Futurum), men andre i samme fellesskap har hentet impulser fra en annen verktøykasse. Nå kan selvfølgelig forskjellige impulser være med å styrke, utvikle og berike et arbeid i Guds rike. Likevel tror vi at det å være sammen, i en og samme prosess, om en tilhører ulike organisasjoner, vil være en styrke.

Denne høsten har region Nord Vest av NLM om ImF Sunnmøre gått sammen om å tilby våre forsamlinger og bedehus til å bli med i det prosessverktøyet som kalles VEKST.

Der er en del fellesskap på Sunnmøre både fra NLM og ImF som alt har gjort seg bruk av dette i åra som har gått. Det har vært i regi av NLM, som har utviklet dette programmet. I ImF Sunnmøre er vi glade for invitasjonen til å være med som arrangør av kommende

oppstart 2020. For en tid tilbake fikk forsamlingene våre tilsendt både informasjon og invitasjon til å bli med på kommende oppstart. Jeg håper dere har tatt det opp i respektive styrer eller der det måtte passe.

Hva er så Vekst for noe? Her får du en komprimert beskrivelse av dette verktøyet:

“VEKST er et prosessverktøy hvor dere i løpet av to år, fire samlinger og jevnt arbeid mellom samlingene, jobber for at fellesskapet bedre skal få gjøre det dere er kalt til. Her får ditt fellesskap god undervisning, nyttig hjelp til å tenke, planlegge og gjennomføre det dere ønsker å ta tak i. På disse samlingene får dere hjelp til å gå av sides for å be, tenke og planlegge side ved side med andre fellesskap i samme situasjon. VEKST er relevant for både små og store fellesskap, med mye eller lite struktur. Den største styrken til VEKST er at denne prosessen tar hensyn til hvor ditt fellesskap er i dag og hvordan deres lokalsamfunn ser ut.”

Vi vil på det sterkeste oppfordre dere alle til å bli med på kommende prosess i de to neste år!

**“Vi vil strekke oss mot det å nå vår samtid med evangeliet!”**



**Johan Halsne**  
krinsleiar ImF Sunnmøre



## ORGAN FOR IMF SUNNMØRE

**Krinsleiar ImF Sunnmøre**  
Johan Halsne  
**Heimemisjonen**  
Redaktør: Johan Halsne  
Postboks 7836 Spjelkavik,  
6022 Ålesund  
Tlf. 70 17 86 70  
Fax. 70 17 86 69  
Bankgiro: 3000.15.31235  
E-post: sunnmøre@imf.no  
Internett: www.imfsunnmøre.no  
**ImF-UNG Sunnmøre**  
imfung-sunnmøre.no

**Brusdalsheimen**  
Telefon: 70 27 45 53  
Bankgiro 3900.31.17255  
**Orreneset Misjonscenter**  
Telefon: 70 25 07 56  
Bankgiro: 4045.07.07211  
**Daggry barnehage**  
Telefon: 70 18 24 97  
Bankgiro: 3000.21.36682  
**Ålesund Folkehøgskule**  
Telefon: 70 17 76 00  
Bankgiro: 8220.02.20788

**Møre Ungdomsskule**  
Telefon: 70 17 66 70  
Bankgiro: 8220.02.80287  
**Møre barne – og ungdomsskule Skodje**  
Telefon: 40 29 36 41  
Bankgiro: 3000.32.36796  
**Møre barne – og ungdomsskule Herøy**  
Telefon: 70 08 05 50  
Bankgiro: 3000.18.45655

**Begravelsesbyrået Sunnmøre A/S**  
Telefon: 70 17 86 60  
Vakttelefon: 90 86 38 56  
**Plussreiser AS**  
post@plussreiser.no  
Telefon: 70 17 90 00  
www.plussreiser.no  
**Radio Sunnmøre**  
Telefon: 70 15 41 00  
Bankgiro: 3900.21.10311  
www.radiosunnmøre.no

# Er leirarbeidet framleis viktig?



**Leirarbeidet har lange tradisjonar på Sunnmøre og mange er dei som har hatt gode opplevingar på leir på ImF Sunnmøre sine leirstadar Brusdalsheimen og på Orreneset Misjonssenter.**

Leir er kjekt og sosialt, der kan ein få nye vener, og ein får undervisning frå Bibelen, tilpassa alderen til barna. Dei siste åra har nok antal leirar vorte færre enn slik det var for nokre år sidan, men enda har vi 12 leirar i året for barn frå 2.-til 10.klasse. Dei mest populære leirane dei siste åra har vore vinterleirane på Orreneset, der har vi hatt ventelister. Men på dei fleste andre leirane har vi hatt god plass.

Alle som har vore på leir dei to siste åra, får «leirliv» i posten med leirprogrammet for det neste halve året. Vi sender ut leirbrosjyrene til alle laga som er tilslutta vår organisasjon og vi er aktive på sosiale medier for å få ut informasjonen om leirane. Det som har blitt eit problem for oss den siste tida, er at påmeldingane kjem så

seint. To veker før leiren tek til, kan vi oppleve at det er så få påmeldte at vi lurar på om leiren kan arrangerast, men så kjem påmeldingane inn på tampen. Dette er sjølvstøtt ei utfordring for planlegginga, både med tanke på leirbehov og for arbeidsprogram og plassering på rom.

**Så utfordringa her er:** har du tenkt å sende barnet ditt på leir, så meld dei på i god tid. Velg ut ein leir som passar, og prøv gjerne å få med vener. Send gjerne sms til foreldra og ver litt aktive med å rekruttere fleire. Det er alltid kjekt for barna å reise saman med kjende og det skaper trygghet.

**Men kva med lederna?** Ja, det er ei utfordring. Med den staben vi har i ImF-UNG Sunnmøre no, er vi så heldige at vi har med tilsette på alle leirane, oftast som leirsjef eller talar og av og til må vi ta begge dei to oppgåvene. Vi har prøvd oss på å få bedehus/forsamlingar til å ta ansvar for ein leir, vi har prøvd å utfordre barnelag til å stille med 2-3 lederna, men dette har ikkje vore den store suksessen. Så då går det meir på



kontakt til dei vi kjenner til, gjerne dei som har vore med som lederna tidlegare. Mange er dei mailane, meldingane og telefonane vi sender for å få tak i dei personane som vil og kan stille ei helg.

**Vil misjonsfolket** at vi skal fortsette med leir, må fleire vere villige til å gi ei helg og bidra til at vi kan ha trygge, gode leirar. Vi treng vaksne som bryr seg, som er leikne, som har eit godt fang til dei yngste, ja, her kunne lista vere lang. Vi har mange ulike oppgåver som skal fyllast, og vi treng ulike, villige vaksne og ungdommar. Vi vil gjerne ha kontakt også med deg

som kunne ha undervisninga på leir, det finns nok mange gode folk som vi ikkje kjenner til.

**Vi treng di hjelp,** du som vil at leirarbeidet skal fortsette, og som kan gi for eksempel ei helg i året for å bidra til trygghet og glede for barna på leir.

**Vi må også** nytte anledninga til å seie tusen takk til deg som har vore med oss som leidar, takk for det kvar enkelt har bidratt med slik at mange barn og unge har fått gode leiropplevingar. Takk også til deg som er med i bøn for leirarbeidet og arbeidet elles til ImF-UNG Sunnmøre.

//// Tekst & foto: Randi Fagerhol Lauvås



## KonFu på Sunnmøre

Vi i ImF-UNG Sunnmøre driver i samarbeid med Emblem bedehus, NLM region Nordvest og Misjonssalen Ålesund et konfirmasjonsarbeid.

Vi er nå komte i gang med årets kull og det er rekordstort, i år er det fordelt på de fire arrangørene 45 konfirmanter og åpningshelgen på Speiderhytten på Ørskogfjellet ble kaotisk men fin! 45 ungdommer som har lyst å lære mer om Jesus og ha fellesskap sammen. På KonFu starter vi med en åpningshelg i tillegg til at vi har fem superlördager der vi har undervisning, lek, samtaler

og vi spiser pizza sammen. På slutten av konfirmantåret er det en avslutningshelg før konfirmasjonene starter i de forskjellige forsamlingene. Da har de som er meldt på i Misjonssalen konfirmasjon der mens de som er meldt på hos Emblem bedehusforsamling har konfirmasjon der.

De som er meldt på hos ImF-UNG Sunnmøre eller NLM region Nordvest får tilbudet om at vi kan være behjelpelig med å arrangere konfirmasjon på det bedehuset der de hører til, noen tar også KonFu som et supplement til annen konfirmasjonsundervisning.

I KonFu så er det stort fokus på å lære mer om Jesus, ha det kjekt sammen gjennom leker og skape et godt fellesskap. Vi gleder oss til resten av konfirmasjonsåret og håper at konfirmanter lærer mye om Jesus og at vi kan være med å hjelpe de til å ta et valg om at de vil følge ham.

//// Tekst og foto: Mathias Lundgren Muleldi

**Leir Høst 2019**

BRUSDALSHEIMEN  
2.-4. KLASSE  
**MINILEIR**  
16.-17. November  
400 kr

BRUSDALSHEIMEN  
5.-7. KLASSE  
**TWEENSLEIR**  
1.-3. November  
600 kr

ORRENESET  
8.-10. KLASSE  
**NIGHTGAMES**  
1.-3. November  
700 kr

Påmelding og info:  
[imfung-sunnmore.no](http://imfung-sunnmore.no)

# Nytt fra Radio Sunnmøre



**Det er mykje som skjer i nærradioen vår for tida både når det gjeld endring i mannskap, ny styreleiar, nytt utstyr og nye sendemåtar.**

**Victor Haram** slutta i radioen 1. september etter å ha vore tilsett i over 20 år. Victor skal no arbeide som lærar i den vidaregåande skulen. Vi vil takke Victor for den store, store innsatsen han har lagt ned i radioarbeidet gjennom alle desse åra. Victor vil verte sakna både i studio og ute blant lyttarane. Vi ynskjer han lykke til med nye og spanande oppgåver i skulen.

**Oddveig Molnes** er kjend for alle som har lytta til Radio Sunnmøre. I meir enn 30 år har ho vore med i dette arbeidet. Oddveig er nå pensjonist, men arbeidar likevel gratis ein dag i veka for radioen og lagar i hovudsak sendingane som vert sendt i helga.

**Ragnhild Kristne Vartdal Espelund** tek no til på sitt sjette år som leiar for radioen. I tillegg til å vere mykje på lufta har ho også alt ansvaret for programmering, administrasjon m.m.

**Frå 1. september** er Arild Ove Halås utleigd frå ImF Sunnmøre til radioen i ei stilling inntil 30 prosent. Saman gjer vi alt vi kan for å gje lyttarane våre ein god, meningsfull, kristen og lokal radio.

**I løpet av hausten** har vi også fått ny styreleiar. Etter mange år har Are Bakke takka for seg i den oppgåva, og Leif Steinar Alnes er vår nye styreleiar.

**Bjørn Tomren og Arne Johan Helle** har gjort ein fantastisk innsats denne hausten og lagt ned tallause dugnadstimar for å oppgradera og skifte ut datautstyr som gjorde at vi stadig vekk vart borte av lufta. Nå har



vi fått nytt utstyr, ny programvare og står mykje betre rusta for framtida. Stor, stor takk til Bjørn og Arne Johan.

**Frå 1. oktober** sender vi døgnet rundt (24 timar i døgnet, 7 dagar i veka) viss du lyttar til oss på web-radio. Det kan du gjere via nettsida vår, eller du kan laste ned (gratis)

appen Radio Player og velje Radio Sunnmøre. Dette gjer at vi kan utvide sendeprofilen vår og i større grad reindyrke vår eigen profil som kristen lokalradio. På DAB og FM 101 sender vi framleis 73 timar i veka og du finn oss på DAB ved å søkje opp FM 101 Ålesund.

**Vi vil også** minne om dei 5 hovudsendingane våre måndag til fredag. Morgensendinga med Ragnhild kl. 0900-1000, Kaffipausen med Arild Ove kl. 1200 – 1300, Mobil (med Ragnhild) kl. 1500 – 1600, Ettermiddagstimen (med Ragnhild) kl. 1700 – 1800 og Kveldstimen (med Arild Ove) kl. 2100 – 2200.

//// **Tekst:** Arild Ove Halås

//// **Foto:** Ragnhild Kristine Vartdal Espelund



**Radio Sunnmøre**  
på Ålesund  
folkehøgskule

**LAURDAG 2. NOVEMBER**

**RADIOMESSE**

**KL. 11 - OPNING AV TUSENFRYD BARNEKOR**

**KL. 13 - SONG AV GISKE MANSKOR. APPELL V/JOHAN HALSNE**

**SAL AV GRAUT, KAKER, KAFFE, LODDSAL, TOMBOLA, HANDARBEID OG JULEBAKST**






**Radioplayer**

Radio Sunnmøre sender 24/7 på Radioplayer og på webradio

**Søk etter Radio Sunnmøre**

**På DAB :**  
FM 101 Ålesund

**På FM :**  
I Ålesund, Haram, Giske, Skodje, Sula, Sykkylven, Stordal, Stranda, Norddal og Ørskog.




*Radio Sunnmøre*

# Familiefest på Vigra bedehus

**En søndag i september fekk vi vere med til Vigra bedehus på familiemøte/familiefest. Tilsaman 140 menneske, frå dei aller minste til dei nokså gamle fylte salen på bedehuset.**

Det var tydeleg at på Vigra bedehus var det ei levande generasjonsforsamling som møtes både til dei store søndagsmøta og mange andre samlingar.

**YA-koret** song mange og freske songar. To av solistane, Oda Molnes og Sara Anine Vindvik Nordstrand framførte ein framifrå «Jesus-rapp».

**Anders Roald** var dagens møteleiar. Han kunne ønske velkommen Randi Fagerhol Lauvås som var på besøk frå ImF Sunnmøre. Anders kunne fortelje

at Randi var dagmamma for han då han var liten. Randi tala om å vere i familie og om sonen som gjekk bort frå far sin, men som ein dag kom heim att. Då er det godt å vite at faren sto og venta, og slik er også Gud. Han ventar på dei som lever borte frå han.

**Vigra bedehus** er ei av dei forsamlingane som har satsa aller sterkast på AWANA, det nye barne- og ungdomsopplegget som Indremisjonsforbundet har fått lov å hente til Noreg. Tre av leiarane, Marte Fylkesnes, Sara Røssvik og Odd Kåre Nålsund kunne fortelje oss om dei opplevingane dei hadde hatt med AWANA dei siste par åra. Barna får ei meir systematisk bibelundervisning og banda mellom leiarar og barna har vorte styrka kunne dei fortelje. Sara har vakse opp i Florida i USA og har kjent til AWANA frå ho var lita. Ho uttrykte ekstra glede over at det opplegget som hadde betydd så



mykje for henne, no var kome til Noreg og til Vigra.


**Det var ei flott** oppleving å få besøk Vigra Indremisjon. Du kan gå inn på [www.radiosunnmore.no](http://www.radiosunnmore.no) og viss du blar deg litt bakover i dei innlegg som der ligg ute, så finn du eit innslag frå denne familiefesta. Der kan du høyre både YA-koret, Jesus-rappen og intervjuet med AWANA-leiarane - link:



<https://radiosunnmore.no/familiefest-pa-vigra/>

//// **Tekst:** Arild Ove Halås

//// **Foto:** Ragnhild Kristine Vartdal Espelund



## Kjell Furnes med ny bok

**Denne boka** er nummer åtte fra Kjell Furnes sin penn. Den som har hatt anledning å sitte under Kjell sin forkynnelse vil kjenne seg igjen når en leser gjennom boka. La det være sagt med en gang! Dette er en bok jeg anbefaler på det varmeste. For det første

gir Kjell oss en fin innføring i å se Kristus i gamle testamentet, gjennom forbilder. Dette vil hjelpe mange til å lese bibelens første 39 bøker på en annen måte.

**Vi har lært** Kjell å kjenne som en varm Israels venn, både fra sin

tid som politiker, og ikke minst som forkynner. I boka kommer dette godt frem gjennom både å gi en historisk, politisk innføring i det som førte frem til at folket fikk landet igjen i 1948. Ikke minst fører Kjell oss enkelt og oversiktligst inn i at Gud står med sine løfter for dette folk i fremtid.

**Boka løfter** og fint frem hvilken herlig fremtid menigheten har i Guds plan. Denne boka bruker ikke tid og plass på å løfte frem de forskjellige syn der fins på endetiden, og så argumentere for sitt syn. På sin trygge, gode måte formidler Kjell ut fra det syn han har fått tilegne seg, forankret i Guds ord.

**Om dette er** Kjell sitt åndelige testament, takker vi varmt som dette, og leser boken med glede!

//// **Tekst:** Johan Halsne

//// **Foto:** Ragnhild Kristine Vartdal Espelund

# Stjernerdryss 2019

|              |  |
|--------------|--|
| 29. november | Valderøy bedehus   |
| 30. november | Brattvåg bedehus   |
| 01. desember | Emblem bedehus   |
| 06. desember | Godøy bedehus  |
| 07. desember | Valldal bedehus  |
| 12. desember | Årseth bedehus   |
| 13. desember | Langevåg bedehus   |
| 14. desember | Ulsteinvik bedehus   |
| 15. desember | Blindheim bedehus  |
| 16. desember | Orreneset Misjonscenter<br>(stor julebasar - Marit og Irene m.fl.) |

Johan Halsne, Marit & Irene, Tor Rødseth m/band,  
Synnøve Aanensen, Aslaug Klungland,  
Randi Fagerhol Lauvås & Arild Ove Halås m.flere deltar

Kaffikopp med litt attåt -  
lynutlodning - salg av bøker/DVD  
julegave til ImF Sunnmøre

## Hjertelig velkommen!

 ImF Sunnmøre

## Spjelkavik bedehus

22. -23. november 2019  
til inntekt for Brusdalsheimen

Fredag: 16.00-19.00

Godøy brass

Lørdag: 12.00-15.00

13.00: Valle barnekor

## JULEMARKED

Kortreist mat:  
Julekaker, lefser, gjærbakst, syltetøy,  
saft, syltaflesk, søst, sild.  
Juledekorasjoner, handarbeid m.m.m.  
Tombola og kafeteria



# Stå saman og gå saman – til støtte for forfulgte kristne

Kvar haust vert det arrangert fakkeltog i fleire norske byar. Dette er tverrkyrkjelege arrangement, der vi i fellesskap løftar opp situasjonen til forfulgte søsken.

I Ålesund er Åpne Dører svært glade for å ha ImF Sunnmøre med på laget når vi tenner faklane på Rådhusplassen 13.november. Årets tema er «Kvinner som forfølges for sin tro». Generalsekretær i Open Doors International, Dan Ole Shani, seier: «Det er opprørande å registrere at kristne kvinner blir utsett for nesten dobbelt så mange forfølgelsesformer som menn. Eg ber mine medarbeidarar, både i Åpne Dører og i andre samanhengar, om å tenke på kva vi kan gjere for å styrke desse kvinnene. Korleis kan vi gi vern til dei mest sårbare, som enker, einslege kvinner og jenter? Må Gud røre oss til å be meir, vere ei

stemme for våre søstre og prioritere deira sak i vår teneste for forfulgte kristne.»

Denne oppmodinga tek vi på alvor i årets Fakkeltog. Vi vil løfte fram situasjonen til våre forfulgte søstre – dei som sjølv ikkje har høve til å stå fram. Målet med fakkeltoget er å sette søkelyset på forfølgelsen, at den angår oss. Samstundes gjev fakkeltoget anledning til «å sette bein på» vårt engasjement. Det er ei synleg, offentlig markering som blir lagt merke til, både nasjonalt og internasjonalt.

Fakkeltoget går til Ålesund kyrkje. Her møter du Helen Berhane som har vore fengsla for si tru i Eritrea. Ho har ei sterk historie, og er eit ansikt på dei mange kvinner vi går til støtte for. Linda Askeland deltek også, og Håvard Sveås & Voxing vil glede oss med flott song og musikk. Vi håper



å sjå akkurat DEG i lyset frå faklane! Kanskje vil du også tale varmt om fakkeltoget til dei andre på heimstaden din, i forsaminga di? Det hadde vore flott om vi blei mange som stod opp for våre forfulgte søsken denne novemberkvelden i Ålesund! [www.fakkeltog.no](http://www.fakkeltog.no)

 **Tekst:** Olaug Lillian Bjørke,  
områdeleder Åpne Dører Sunnmøre